

Morten på toppen av verda

11.10.2012

Morten Nilsen, i sommarhalvåret aktiv i fleire rollar her i bygda, er på ekspedisjon i Himalaya no i haust og det står mykje å lesa på nettet om kva han gjer, Etter eigen formulering er han fjellgalen og samarbeider med 4 brør i Nepal. Dei har alle Sherpa til etternamn og heiter Pasang, Cousang, Kanchha og Lakpa. Det er også ein Pasang nummer 2. Den eine er han som hadde eit lengre opphald i Uskedalen sommaren 2011.

Morten og han traff kvarandre under nordmannens første tur til Nepal i 2009, Dei fant tonen og heldt kontakten og bestemte seg for å starta eit samarbeid for å bringa fleire til Himalaya for tur og oppleving. Det er det som no skjer. Morten vil ha med nokon til å oppleve dei store augeblikk på toppen av verda.

Morten skriv på nettet at han og brørne til saman utgjer eit solid og kompetent team som er klare til å gje dei som ynskjer det ei oppleving dei seint vil gløyme.

Morten vart fjellfrelst under den første turen og har sidan vore på ei rekkje toppar i Sør-Amerika og Himalaya, til dømes Pisco, Sajama, Aconcagua, Island Peak og Ama Dablam. Han er særleg svak for den siste som er 6812 meter og som han meiner er eit av dei vakraste fjell i verda. Den er eit mål no i haust. Den mektige iskrona er eit utruleg vakkert syn. Turen mot toppen er fysisk og mentalt krevande og har høg vanskegrad reint teknisk. Store delar av turen krev sikringar.

Over nyttår står Aconcagua, den høgaste toppen i verdsdelen Amerika, på programmet. Også det er ein krevjande tur i eit vakkert landskap. Det er eit teknisk greit fjell, men verutsatt og den store høgda byr ofte på problem.

Men merittlista til Morten kan naturleg nok ikkje måle seg med den til Sherpa-familien der den eine Pasang har vore på Mount Everest 3 gonger. Han er ekspedisjonsplanleggjar og guide på dei mest ekstreme turane.

Av Ola Matti Mathisen